

Regionale og internasjonale samstundes? Internasjonalisering heime og metodeundervisning.

Som ein del av metodeundervisninga i emnet [SA588 Sosiologisk forskingsmetode](#) arrangerte fagtilsette [Irina Pavlova](#) og [Tuba Ardic](#) tur til Balestrand tysdag 8. mai 2018. Med seg hadde dei 15 førsteårsstudentar i sosiologi og samfunnsfag frå Sogndal. Studentane fekk møte 24 ungdomsarbeidarar frå 8 europeiske land (Romania, Polen, Ungarn, Italia, Hellas, Portugal, Latvia og Noreg) og gjennomførte intervju som eit av arbeidskrava i kvalitativ metode.

Ungdomsarbeidarane er deltakarar på eit internasjonalt prosjekt i Balestrand med namnet «*Look closer – not everything is as it seems*». Prosjektet er finansiert av Erasmus+ og Aktiv Ungdom og har fokus på interkulturell forståing.



Til venstre: Programmet for prosjektet «*Look closer – not everything is as it seems*» i Balestrand.

Til høgre: [IMN forskarar](#) Irina og Tuba leia kvar sin sesjon under besøket i Balestrand. Tuba (bilete over) gjekk gjennom intervjuteknikkar og reflekterte kring nokre utfordringar med kvalitativ metode, medan Irina (bilete under) leia skrivestova og rettleia studentane i skriveprosessen etter gjennomføring av intervju.

Studentane frå Sogndal besøkte prosjektet på dag 2 av prosjektet. Etter nokre felles bli-kjend-aktivitetar blei desse delt opp i mindre grupper, og studentane fekk intervju ungdomsarbeidarane på engelsk. Tema for intervjuet var «Ungdomsarbeid i Europa», der studentane fekk svar på generelle spørsmål om ungdomsarbeid og meir konkrete døme på utfordringar for ungdom i dei ulike landa.

Etter gjennomføringa av intervju og samlunsj, arrangerte fagtilsette ei skrivestove, der studentane fekk diskutere metoden og skrive refleksjonar og erfaringar frå intervjusituasjonen. Opplegget vart tatt godt imot av studentane og er eit døme på enkle alternativ til meir kjende internasjonaliseringsformer som utveksling og studiereiser. Ein kan praktisere «internasjonalisering heime» stort sett i alle emne, på alle nivå. Vi har mange høve til å bringe verda til oss og skape interkulturelle møte tidleg i studieløpet, sjølv utan omfattande og kostbare utanlandsreiser. Slike tiltak er også i samsvar med HVL si vektlegging av berekraftige og samfunnsansvarlege utdanningar!

Innlegget er skriva av Irina Pavlova og Tuba Ardic.